

# Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FA-L71, FE-144	22/883

Saknr	Utval	Type	Dato
093/2022	Formannskapet	PS	21.10.2022

## Framlegg til bustadpolitisk plan for Masfjorden kommune 2022 - 2032

### Vedlegg:

Journalposttittel	Dato
Bustadpolitisk plan for Masfjorden kommune 2022 - 2032 av 07.10.2022	07.10.2022

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til bustadpolitisk plan for Masfjorden 2022 – 2032 vert sendt på høyring.

Høyringsfrist vert sett til 1. desember 2022.

### Saksopplysningar:

#### Bakgrunn og fakta:

Denne planen skal synleggjere kva behov og utfordringar kommunen har på bustadområdet, og kva tiltak ein skal prioritere i komande 10-års periode.

Planen er utarbeidd av ei tverrfagleg gruppe med følgjande personar oppnemnd av rådmannen:

Rådmann Svein Helge Hofslundsengen  
Helse- og omsorgsleiar Oddvin Neset  
Teknisk sjef Roald Kvingedal  
Assisterande rådmann Sveinung Toft

Formålet med planen er å avklare kva for satsingsområde innan bustadbygging kommunen skal arbeide med i planperioden, og vise kva for bustadpolitiske virkemiddel ein har for å stimulere til sosial og anna bustadbygging.

Planen skal vise kva for retning kommunen skal gå i bustadpolitikken og kva for tiltak som skal vektleggast.

Planen skal gje oversyn over kommunal bustader, tilrå bruk eller sal av dei det ikkje er bruk for, og vise behovet for nye bustader både for både dei som opererer i den vanlege marknaden, og for dei som treng sosial bustadbygging.

Tiltaka, som går fram av punkt 8.1, skal innarbeidast i dei ulike einingane sine verksemdsplanar, og handsamast politisk og budsjetterast på vanleg måte.

### **Vurdering**

Den bustadpolitiske planen som no ligg føre inneheldt i kap. 8 mange delmål og tiltak, som viser kva ambisjon Masfjorden kommune kan ha på bustadområdet. Planen gjeld både vanleg bustadbygging og bygging og tilrettelegging for grupper med spesielle behov eller ønskjer.

Statsbudsjettet kom med ein del overraskingar knytt til bustadpolitiske verkemiddel den 6. september, noko som ikkje er fanga opp i planarbeidet. Korleis dette vil påverka planinnhaldet er for tidleg å konkludere med.

Det er viktig at planen no kjem på høyring til dei kommunale råda, og vert gjort kjent for innbyggjarane i Masfjorden, samt statlege og regionale etater, slik at ein kan få inn gode innspel til den endelege planen.

### **Konklusjon**

Framlegg til bustadpolitisk plan for Masfjorden 2022 – 2032 vert sendt på høyring. Høyringsfrist vert sett til 1. desember 2022.

## **Formannskapet - 093/2022**

### **FS - behandling:**

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **FS - vedtak:**

**Framlegg til bustadpolitisk plan for Masfjorden 2022 – 2032 vert sendt på høyring.**

**Høyringsfrist vert sett til 1. desember 2022.**